

Administrativt delegeringsreglement

Vedteke av rådmannen 17.01.2017. Versjon 2.

Innhald

1 Innleiing	4
1.1 Heimel	4
1.2 Revisjon av reglementet.....	4
1.3 Etikk	4
2 Bruk av reglementet.....	4
2.1 Rammer for utøving av delegert avgjerdssrett.....	4
2.2 Tilbakekalling av fullmakt	4
2.3 Rett til omgjering.....	4
2.4 Handsaming av klager	4
2.5 Prinsipielle saker.....	5
2.6 Gildskap	5
2.7 Rapportering.....	5
2.8 Heimel til vidaredelegering	5
3 Leiarnivå	5
3.1 Rådmannen	5
3.2 Etatsjefar	6
3.3 Einingsleiarar	6
4 Økonomi	6
4.1 Kjøp av varer og tenester	6
5 Underskrift av dokument	7
6 Personalansvar	7
6.1 Omgjering av stillingsheimlar	7
6.2 Tilsettjing og oppseiling	7
6.3 Åtvaringar	7
6.4 Permisjon.....	7
6.5 Ferie.....	7
6.6 Helse-, miljø og tryggleik	7
6.7 Avtalar med arbeidstakarorganisasjonane.....	7
6.8 Personalreglement	8

7 Informasjon	8
8 Beredskap, internkontroll og informasjonstryggleik.....	8
9 Avgjerdssrett som ikkje er heimla i lov	8
9.1 Kommunale bustadar	8
9.2 Utleige av kommunale areal.....	8
9.3 Idrettsanlegg og kommunale bygg.....	8
9.4 Opptak av barn i kulturskule	8
9.5 Tildeling av lån og tilskot fastsett av statlege organ	8
10 Delegering etter særlovar	8
10.1 Alkohollova	8
10.2 Barnehagelova	9
10.3 Barnevernlova	9
10.4 Brann- og ekspløsjonsvernlova.....	9
10.5 Eigarseksjonslova.....	9
10.6 Film og videogramlova	9
10.7 Folkehelselova	9
10.8 Forpaktingslova	10
10.9 Forurensingslova	10
10.10 Friluftslova	11
10.11 Grannelova	11
10.12 Gravferdslova	11
10.13 Havne- og farvannslova	11
10.14 Helse- og omsorgstenestelova	11
10.15 Introduksjonslova	12
10.16 Jordlova	12
10.17 Konsesjonslova	12
10.18 Lakse- og innlandsfisklova	12
10.19 Matrikkellova.....	13
10.20 Motorferdsellova.....	13
10.21 Naturmangfaldlova.....	13
10.22 Opplæringslova	13
10.23 Plan- og bygningslova	14
10.24 Serveringslova	15
10.25 Skogbrukslova.....	15

10.26 Smittevernlova	15
10.27 Sosialtenestelova.....	15
10.28 Tobakkskadelova	15
10.29 Lov om trudomssamfunn og ymist anna/lov om tilskott til livssynssamfunn.....	16
10.30 Veglova	16
10.31 Vegtrafikklova.....	16
10.32 Viltlova.....	16
11 Fullmakter knytt til Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor.....	17
12 Andre lover	17

1 Innleiing

1.1 Heimel

Kommunelova § 23 nr.4:

«Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.»

Rådmannen har fått sine fullmakter i kommunestyret sitt delegeringsreglement datert 21.12.2016. Rådmannen kan delegere sine fullmakter vidare, utanom med unntak i lov og forskrift eller særskilt unntak i kommunestyret sitt delegeringsreglement.

1.2 Revisjon av reglementet

Dette reglementet vil bli revidert etter rådmannens vedtak. Oppdatert versjon skal til ein kvar tid vera tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetssystem.

1.3 Etikk

Fitjar kommune legg sterkt vekt på etisk refleksjon og åtferd. «Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette ligg til grunn.

2 Bruk av reglementet

2.1 Rammer for utøving av delegert avgjerdssrett

All delegert avgjerdssrett skal utøvast i samsvar med lovar og forskrifter, innan dei plan- og budsjetttramme, reglement og rutinar som er vedteke av overordna organ. Alle leiarar har likevel rett og plikt til å gjera naudsynte hastevedtak for å sikra fagleg forsvarleg drift, liv og helse, sjølv om det bryt med dette reglement. Slike vedtak skal snarast rapporterast til rådmannen.

2.2 Tilbakekalling av fullmakt

Delegering av fullmakter inneber ikkje endeleg fråseiing av avgjerdssrett. Den delegerte fullmakta kan kor tid som helst trekkjast tilbake av den som har delegert fullmakta. Dette gjeld òg for einskildsaker. Etatsjef kan kalla tilbake delegering som er gjort til einingsleiar i dette reglement.

2.3 Rett til omgjering

Den som har fått delegert avgjerdssrett kan gjera om sitt eige vedtak utan at det er påklaga innanfor ramma av forvaltningslova § 35.

Rådmannen kan av eige tiltak gjera om eit vedtak fatta av underordna organ innanfor ramma av forvaltningslova § 35.

2.4 Handsaming av klager

Den som gjer vedtak etter dette reglement skal handsama klagesaker som fyrste instans.

Klagebehandlinga skal skje skriftleg med grunngjeving og vedtak. Ved omgjering av vedtak til klagar sin gunst blir saka avslutta i fyrste instans. Elles blir saka sendt rådmann med saksdokumenter og grunngjeving for kvifor vedtaket blir oppretthalde, for vidare saksbehandling.

2.5 Prinsipielle saker

Saker som tilkjem fleire einingar, eller der fleire lover er involvert, eller som har overordna eller prinsipiell verknad, skal avklarast med rådmannen som eventuelt kan trekke avgjerdssretten tilbake i dette tilfelle.

Dersom ein leiar er usikker på kva fullmakter som gjeld, tolking av einskilde føresegner eller sakshandsamingsreglar knytt til utøvinga, skal dette drøftast med rådmannen.

2.6 Gildskap

Den som har fått delegert avgjerdssrett skal sjølv legge fram for overordna, dersom det er tilhøve som kan trekke gildskapen i tvil, jf. forvaltningslova kapittel II om ugildskap. I tilfelle der arbeidstakaren med avgjerdssrett er ugild, skal det overlatast til overordna å gjera vedtak i saka. Medarbeidarar som er underordna den ugilde medarbeidaren bør førebu saka for avgjerd.

2.7 Rapportering

Det er ein føresetnad for all delegering av avgjerdssrett at det blir gjeve tilstrekkeleg rapportering til den som har delegert avgjerdssretten.

Den som har fått delegert fullmakt til å驱ra ei teneste eller gjera vedtak har ansvar for å lukke avvik frå lov, forskrift, kommunale reglement eller fagleg forsvarleg drift.

Avvik som angår fleire einingar eller der avviket er knytta til einingsleiar skal sendast til etatsjef, som lukkar avviket.

Avvik på tenestekvalitet meldt av anna eining blir handsama av einingsleiar i den eininga som utøver tenesta.

Avvik av særleg alvorleg art, som angår liv og helse, eller som vil medføre at politi, tilsynsmynde eller media vil følgje opp saka, skal rapporterast til rådmannen så raskt det er mogleg.

2.8 Heimel til vidaredelegering

Etatsjefar vidaredelegerer sin avgjerdssrett gjennom dette reglementet.

I den grad det er naudsynt for effektiv og rasjonell drift, har einingsleiarar høve til vidaredelegering av sin avgjerdssrett, unntatt når lov og anna regelverk er til hinder for dette.

Det er ein føresetnad for all vidaredelegering frå einingsleiar at den som får delegert avgjerdssrett har tilstrekkeleg fagleg kompetanse. Einingsleiar står ansvarleg ovanfor overordna for avgjersler tatt etter vidaredelegering. Vidaredelegering frå einingsleiarar skal gjerast skriftleg i kommunens journal- og arkivsystem.

3 Leiarnivå

3.1 Rådmannen

Rådmannen får sine fullmakter gjennom kommunestyret sitt delegeringsreglementet. Kommunelova skildrar rådmannens ansvar slik: «Administrasjonssjefen er den øverste leder for den samlede

kommunale eller fylkeskommunale administrasjon, med de unntak som følger av lov, og innenfor de rammer kommunestyret eller fylkestinget fastsetter.»

Rådmannen er øvste administrative leiar i Fitjar kommune, og har ansvar for den samla drifta og forvaltninga i kommunen.

I rådmannens fråvær er rådmannens avgjerdssrett delegert til assisterande rådmann eller den som er konstituert eller fungerer i einskildtilfelle.

3.2 Etatsjefar

Etatsjefane rapporterer til rådmannen. Etatsjefane består av helse- og sosialsjef og skule- og oppvekstsjef. Rådmannen har sjølv etatsansvar for plan, teknisk, kultur og økonomi. Etatsjefane har ansvar for fag-, økonomi- og personalforvaltning i eigen etat. Assisterande rådmann har økonomisk ansvar for sentraladministrasjonen. Assisterande rådmann har ansvar for kommunal beredskap.

3.3 Einingsleiarar

Einingsleiarane rapporterer til ein etatsjef eller til rådmannen. Dei ulike einingane i Fitjar kommune er leia av kvar sin einingsleiar. Einingsleiarane har ansvar for fagleg forsvarleg drift, dei står for det daglege personalarbeidet og har ansvar for oppfølging av personalgruppene.

4 Økonomi

Økonomiforvaltninga blir regulert av kommunelova med forskrifter og kommunestyret sitt delegeringsreglement og finansreglementet.

Etatsjefane har fullmakt til å detaljera driftsbudsjettet innan etaten med dei rammer og med dei føresetnader som er vedteke av kommunestyret.

Etatsjefane har fullmakt til å gjera endringar i driftsbudsjettet innan etaten i løpet av året innan dei rammer som er vedteke av kommunestyret, innan ei ramme på kr 200 000. Budsjettendringar som involverer bruk av andre meirinntekter enn refusjonar, som øyremerka statstilskot eller andre spesielle inntekter, skal føreleggjast rådmannen.

Etatsjefane har anvisningsrett innan eige budsjett. Etatsjefane peiker ut attestantar.

4.1 Kjøp av varer og tenester

Etatsjefane har mynde til å foreta innkjøp av varer og tenester til drift i samsvar med regelverk, gjeldande budsjettrammer og med inngåtte rammeavtalar. Investeringar skal godkjennast av rådmannen etter særskilt prosedyre.

Einingsleiarane har mynde til å foreta rutineprega innkjøp av varer og tenester til drift av eiga eining.

Innkjøp av utstyr, programvare og tenester innan IKT-området, inkludert mobiltelefonar, skal klarerast med IKT-leiar.

Leiar flyktning- og bustadtenesta har mynde til å inngå leigekontraktar for bustadar til kommunale brukarar.

5 Underskrift av dokument

Rådmannen delegerer ikkje mynde til å signera avtaledokumenter og kontraktar, med unntak av; Etatsjefar og einingsleiarar har mynde til å signera dokument i tråd med delegering gjort i dette reglementet.

IKT-sjef har fullmakt til å signera datahandsamaravtalar på kommunen sine vegner.

6 Personalansvar

6.1 Omgjering av stillingsheimlar

Etatsjefane har avgjerdssrett til å gjera om stillingar dersom det er ledig stilling innan eiga budsjetttramme, økonomiplan og omfanget av eigne heimlar. Omgjeringar skal ikkje vera i strid med vedtak gjort av overordna organ. Vedtak om omgjering skal gjerast skriftleg og rådmannen skal informerast.

6.2 Tilsetjing og oppseiing

Etatsjefane har avgjerdssrett til å tilsetje i alle typar ledige stillingar i eigen etat. Gjeldande rutine for tilsetjing skal følgjast. Vedtak om tilsetjingar skal informerast om skriftlig til assisterande rådmann, økonomisjef og dei arbeidstakarorganisasjonar som normalt er aktuelle for vedkomande stilling.

Etatsjefane har avgjerdssrett om suspensjon og oppseiing i dei stillingar dei har tilsetjingsmynde for. Etatsjef skal rådføra seg med personalavdelinga før det blir fatta vedtak.

Vedtak om avskil skal gjerast av rådmannen.

6.3 Åtvaringar

Etatsjefane har fullmakt til å gi skriftleg åtvaring til sine tilsette.

Einingsleiarar har fullmakt til å gi munnleg åtvaring til sine tilsette. Munnleg åtvaring skal dokumenterast i journalsystemet, og etatsjef skal informerast.

6.4 Permisjon

Etatsjefane har avgjerdssrett til søknader om permisjon, i tråd med lov, avtaleverk og gjeldande permisjonsreglement.

6.5 Ferie

Einingsleiarane skal sørgra for at medarbeidarar får ta ut sin ferie i samsvar med ferielova. Ved usemje har einingsleiarane avgjerdssrett etter arbeidsgjevar sin styringsrett.

6.6 Helse-, miljø og tryggleik

Einingsleiarane skal sørgra for tilfredsstillande HMT-arbeid i eininga, i tråd med lov, forskrift og gjeldande personalreglement.

6.7 Avtalar med arbeidstakarorganisasjonane

Assisterande rådmann har delegert mynde til å inngå avtalar med bindande verknad med arbeidstakarorganisasjonane, etter konsultasjon med rådmannen. Unnateke er lønsforhandlingar etter kapittel tre, fire og fem i hovudavtalen, som er delegert frå kommunestyret til ordføraren.

6.8 Personalreglement

Assisterande rådmann avgjer tolking av personalreglement og arbeidsreglement på arbeidsgjever sine vegner.

7 Informasjon

Etatsjefane har eit overordna informasjonsansvar innanfor sitt område. Dette gjeld både intern og ekstern informasjon. Offentleglova og kommunens informasjonsstrategi skal etterlevast.

8 Beredskap, internkontroll og informasjonstryggleik

Einingsleiarane har ansvar for beredskap, internkontroll og informasjonstryggleik for eigen verksemd. Assisterande rådmann har ansvar for overordna beredskap og informasjonstryggleik.

9 Avgjerdssrett som ikkje er heimla i lov

9.1 Kommunale bustadar

Helse- og sosialsjef har avgjerdssrett for vedtek om tildeling av omsorgsbustadar og kommunale utleigebustadar.

9.2 Utleige av kommunale areal

Brann- og driftssjef vedtek utleige/utlån av kommunale areal og eigedomar, med unntak av hamner og areal i Håkonar næringspark.

9.3 Idrettsanlegg og kommunale bygg

Einingsleiarane tildelar treningstider og krev inn leige i tråd med vedtekne satsar for eigne driftsbygg.

Einingsleiarane fastset utleigetider for eigne driftsbygg, inkludert vilkårleg utleie, og krev inn leige.

9.4 Opptak av barn i kulturskule

Rektor for kulturskulen vedtek tildeling av plassar i Fitjar kulturskule.

9.5 Tildeling av lån og tilskot fastsett av statlege organ

Økonomisjef gjer vedtek om etablerings- og utbetringslån/tilskot etter reglar fastsett av Husbanken.

10 Delegering etter særlovar

Delegeringa gjeld avgjerdssrett i saker etter særlov når myndet ikkje er lagt til anna organ med heimel i lov, delegasjonsreglementet eller vedtek.

10.1 Alkohollova

Assisterande rådmann får delegert avgjerdssrett til:

1. Tildeling av ambulerande løyve til slutta lag (§§ 4-2 og 4-5).
2. Tildeling av løyve ved einskilde høve (§ 4-5).
3. Utviding av skjenkebevilling til ved enkelthøve å gjelda utanfor skjenkelokalet.
4. Tildeling av løve for kortare tidsperiodar (vedtekter for alkoholomsetnaden punkt 3.8).

5. Godkjenning av personar ved skifte av styrar/reservestyrar.
6. Mellombels inndraging av løyve inntil politiske organ har fått høve til å handsama saka i samband med alvorleg brot på lov/regelverk (alkohollova § 1-8).

10.2 Barnehagelova

Skule- og oppvekstsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om tilskot til drift av alle godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen (§§ 8 og 14).
2. Å gjera vedtak om godkjenning av nye barnehagar (§ 10).
3. Gjera vedtak om opptak av barn i barnehage (§ 12 første ledd andre punkt).
4. Gjera vedtak om suppleringsopptak av barn i barnehage (§ 12 første ledd andre punkt).
5. Gjera vedtak om moderasjonsordningar (§ 15).
6. Opptre som tilsynsmynde (§ 16).
7. Gjera vedtak om dispensasjon frå utdanningskrav (§ 18-3).
8. Å gjera vedtak om spesialpedagogisk hjelp (§ 19 e).
9. Å gjera vedtak om rett til skyss for barn med rett til spesialpedagogisk hjelp (§ 19 f).
10. Å gjera vedtak om tilbod til barn med nedsett funksjonsevne (§ 19 g).
11. Å gjere vedtak om rett til teiknspråkopplæring (§ 19 h).

10.3 Barnevernlova

Rådmannen delegerer fullmakt i einskildsaker etter lova til rådmannen i Stord kommune etter avtale om vertskommunesamarbeid (kommunelova § 28-1b tredje ledd).

10.4 Brann- og eksplosjonsvernlova

Brann- og driftssjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å forvalta kommunens mynde og ta alle avgjerder etter brann- og eksplosjonsvernlova.

Einingsleiarar har ansvar for at det er etablert turvande brannrutinar i eiga verksemد.

10.5 Eigarseksjonslova

Fagansvarleg plan og utvikling får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om seksjonering, resekjonering og nekting av seksjonering (§§ 5, 8, 12 og 13).

10.6 Film og videogramlova

Kultur- og informasjonssjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om løyve for framsyning av film eller videogram i næring.

10.7 Folkehelselova

Kommuneoverlege får delegert avgjerdssrett til:

1. Å føra tilsyn med dei faktorar og tilhøve i miljøet som til ein kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa (§ 10, jf. § 8).
2. Å godkjenne verksemder som kan ha innverknad på helsa, før eller ved iverksetjing (§ 10 første ledd).
3. Å kreyje verksemđ stansa dersom godkjenning ikkje ligg føre (§ 10 tredje ledd).

4. Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemد, eller den som er ansvarleg for forhold ved eigedom, for eigen rekning å utgreie mogelege helsemessige konsekvensar av tiltaket eller forholdet (§ 11 første ledd).
5. Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemد som kan ha innverknad på helsa til å gje kommunen dei opplysningane som er naudsynte for at den kan utføra sine gjeremål etter kap. 3. (§ 12 første ledd).
6. Å gje pålegg til den ansvarlege for eigedom eller verksemد som nemnt i første ledd, plikt til å gje ålmenta, kundar eller andre opplysningar om forhold ved eigedomen eller verksemda som kan ha innverknad på helsa (§ 12 tredje ledd).
7. Å gjera vedtak om granskning av eigedom eller verksemد for å ivareta kommunen sine oppgåver etter kap. 3 (§ 13 første ledd).
8. Å gjera vedtak om retting av forhold ved ein eigedom eller verksemد i kommunen dersom forholda direkte eller indirekte kan ha negativ innverknad på helsa eller er i strid med reglane i kap. 3 (§ 14 første ledd).

Fullmaktene etter §§ 15-17 er ikkje delegert.

Drikkevannsforskrifta er heimla i matlova, folkehelselova og helseberedskapslova. Med vassverkeigar forståast brann- og driftssjef, som har fullmakt til å handsama saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Saker av prinsipiell karakter skal avgjerast av rådmannen etter uttale frå kommuneoverlege.

10.8 Forpaktingslova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdsrett til å:

1. Forvalta kommunen sine oppgåver etter §§ 4 og 7.

10.9 Forurensingslova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdsrett til:

1. Å gjera vedtak om søknader om separate utslepp inntil 50 PE (forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for kommunane Stord og Fitjar, Hordaland, av 16.10.08, jf. § 12-6).
2. Å forvalte mynde etter forskrift om gjødselsvarer m.v. av organiske opphav av 04.07.03. nr. 951 (§ 9).
3. Å gje pålegg om tiltak for å hindra eller stansa verknader av forureining innanfor kommunen sitt mynde- og ansvarsområde (§ 7 fjerde ledd).
4. Å opptre som forurensingsmynde og føra tilsyn (forurensingsforskrifta § 12-2).
5. Å setje krav til utføring av avløpsanlegg i einskildsaker (§ 22).
6. Å gje pålegg om å rydde opp i avfall o.l. eller betale for opprydding (§ 37).
7. Å utøve tilsyn med den allmenne ureinigssituasjonen (§ 48).
8. Å treffa vedtak om opplysningsplikt slik at forureiningsstyresmakta kan innhente opplysningar som er naudsynte i ei forureiningssak (§ 49).
9. Å foreta granskning (§ 50).

Brann- og driftsjef får delegert avgjerdsrett til:

1. Å forvalta kommune sitt mynde i samband med nedgravne oljetankar (forurensingsforskrifta kapittel 1 og lokal forskrift om nedgravne oljetankar).

Rådmannen delegerer ikke fullmaktene etter §§ 51, 73, 74, 78 tredje ledd og 79 tredje ledd.

10.10 Friluftslova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å forby ferdslle med ride- eller kløvhest, kjele, tråsykkel eller liknande (§ 2 andre ledd).
2. Å gje forskrift om å forby ferdslle på veg eller sti i innmark (§ 3a tredje ledd).
3. Å krevje avgift for tilgjenge til friluftsområde (§ 14).
4. Å fastsetje reglar for åtferd (§ 15).
5. Å vedta heil eller delvis sperring av særleg utsett område (§ 16).
6. Å gje uttale (§ 20).
7. Å ta hand om ålmenta sin interesse (§ 22 tredje ledd).
8. Å setje i gang tiltak for å lette ferdsla i utmark (§ 35).
9. Å gjera vedtak om stans (§ 40 første ledd).
10. Å gjera vedtak om fjerning av stengsle (§ 40 andre ledd).

Å gjera vedtak om tvangsmult, jf. § 40 tredje ledd, blir ikke delegert.

10.11 Grannelova

Fullmakter etter lova blir ikke delegert.

10.12 Gravferdslova

Kyrkjeverje får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjere vedtak om kven som skal sørge for gravferda og kven som skal vera ansvarleg for grava (§ 9).

10.13 Havne- og farvannslova

Fagansvarleg plan og utvikling får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak i einskildsaker der lova kjem til bruk (§§ 9, 27, 29, 35, 36, 57).
2. Å gje uttale på kommunen sine vegner overfor overordna mynde, jf. § 9.

Å gje førelegg, å gå til tvangfullbyrding, å gje tvangsmult, å endra eller tilbakekalla tillating, jf. § 58-61, blir ikke delegert.

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak i einskildsaker om anlegg i sjø til bruk for kloakkutslepp (§ 27).

10.14 Helse- og omsorgstenestelova

Einingsleiar heimebaserte tenester og Nav-leiar får delegert avgjerdssrett til å:

1. Å gjera vedtak om naudsynte helse- og omsorgstenester for pasientar og brukarar (§ 3-1, jf. § 3-2, §§ 3-6 – 3-9 og §§ 7-1 – 7-2).

Helse- og sosialsjef får delegert avgjerdssrett til å:

1. Å forvalta fastlegeordninga (§ 3-2 første ledd nr. 1-4) og å godkjenna driftsavtalar for privatpraktiserande legar og fysioterapeutar.

Nav-leiar får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om tvangstiltak for rusmiddelavhengige (kapittel 10).

Kommunefysioterapeut er kommunens koordinerande eining for habiliterings- og rehabiliteringsverksemd, jf. § 7-3.

Definisjonar etter § 9-7:

«Den som har det daglige ansvaret for tenesta» - avdelingsleiar

«Den som har det overordna faglege ansvaret for tenesta» - helse- og sosialsjef

10.15 Introduksjonslova

Leiar flyktning- og bustadtenesta får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om tildeling og stans av introduksjonsprogram (kapittel 2), gjera vedtak om tildeling, reduksjon, trekk og tilbakebetaling av introduksjonsstønad (kapittel 3), og utarbeida og gjera vesentleg endring av individuell plan (§ 6).

Skule- og oppvekstsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om deltaking i og fritak frå opplæring i norsk og samfunnskunnskap (kapittel 4) og å krevje inn betaling for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for utlending med opphaldsløyve etter utlendingslova §§ 23 og 25 og deira familiemedlemmer med løyve etter utlendingslova kapittel 6, jf. § 18 første ledd andre punktum.

10.16 Jordlova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd om fritak frå driveplikt (§ 8).
2. Å ta avgjerd om omdisponering og deling av enkeltomter (§§ 9 og 12).
3. Å ta avgjerd om omdisponering og deling av areal som grenser til og skal leggjast til tidlegare frådelt tomt med eller utan bygningar (§§ 9 og 12).
4. Å ta avgjerd om drift av jordbruksareal, nydyrkning og driftsvegar (§ 11).
5. Å handsama og godkjenna tilskotsordningane etter jordbruksavtalen og føre tilsyn med dei same ordningane (§ 11).

10.17 Konsesjonslova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd etter søknad om konsesjon (§§ 9 og 11).

10.18 Lakse- og innlandsfisklova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd i saker som det ligg til kommunen å avgjera.

10.19 Matrikkellova

Fagansvarleg plan og utvikling får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd etter søknad om utsett oppmålingsforretning (§ 6).
2. Å ta avgjerd om unntak frå hovudregelen i § 7.
3. Å krevja matrikulering på kommunens vegner (§ 9).
4. Å krevja klargjering av eksisterande grense på kommunens vegner (§ 17).
5. Å gjera vedtak om registrering av samla fast eidegdom (§ 20).
6. Å gjera vedtak om fastsetjing av offisiell adresse (§ 21).
7. Å føra matrikkelen (kapittel 5).

10.20 Motorferdsellova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd i saker etter søknad om bruk av motorfartøy eller luftfartøy (§ 6).

10.21 Naturmangfaldlova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdssrett til å:

1. Å ta avgjerd om gje løyve til uttak av hjortevilt og bever for å hindra skade (§ 18 første ledd bokstav b), samt til å fjerna beverbustad eller dam for å hindra vesentleg skade ved overfløyming (§ 18 fjerde ledd).
2. Å ta avgjerd i saker om tiltak (§§ 54 og 55).
3. Å ta avgjerd etter kommunens avgjerdssrett som mynde etter lova (§§ 63-67).
4. Å ta avgjerd etter kommunens avgjerdssrett om handheving og sanksjonar (69-72).

Å gi høyring av forslag til verneforskrift, jf. § 43, blir ikkje delegert. Avgjersler om tvangsmulkt og miljøerstatning etter §§ 73-74 blir ikkje delegert.

10.22 Opplæringslova

Skule- og oppvekstsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om tidleg eller utsett skulestart (§ 2-1 tredje ledd).
2. Å avgjera korleis timar ut over minstetimetalet gitt i forskrifter etter § 2-2 skal brukast, jf. § 2-3.
3. Å gjera vedtak om kommunal forskrift om skule- og feriedagar i skuleåret til elevane (§ 2-2).
4. Å gjera vedtak om tildeling av spesialundervisning for vaksne, på grunnskulen sitt område (4a-2).
5. Å setja standpunktcharakterar, eksamenscharakterar, karakterar til fag-/sveineprøvar og kompetanseprøve og realkompetanseurdering innanfor vaksenoplæringa sitt område. Å gjera vedtak om ikkje å setja standpunktcharakter (§4a-4 fjerde ledd og forskrift til opplæringslova kapittel 3,4 og 5).
6. Å gjera vedtak om skuleskyss m.m. i høve til vaksenoplæringa (§4A-7).
7. Å gjera vedtak om bortvising (§ 4A-9).
8. Å gjera vedtak om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp til barn i skulepliktig alder (§ 5-1).

9. Å gjera vedtak om teiknspråkopplæring (§ 2-6).
10. Å gjera vedtak om skuleskyss grunna farleg skuleveg og skyss til barn under skulepliktig alder som har rett til spesialpedagogisk hjelp (§§ 7-1 og 7-6).
11. Å gjera vedtak om skulestad og å gjera vedtak om inntak av elev på annan skule enn den eleven soknar til (§ 8-1 andre ledd).
12. Å gjera vedtak om flytting av ein elev når omsynet til dei andre elevane tilseier det (§ 8-1 tredje ledd).

Den einskilde rektor får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om å ikkje godta melding om fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa (§ 2-3 a) tredje ledd).
2. Å setje standpunktcharakterar og eksamenskarakterar, og å gjera vedtak om ikkje å setje standpunktcharakter (§ 2-3 og forskrift til opplæringslova kapittel 3).
3. Å gjera vedtak om særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar (§ 2-8).
4. Å gjera vedtak om tiltak ved brot på ordensreglementet (§ 2-9).
5. Å gjera vedtak om bortvisning (§ 2-10).
6. Å gjera vedtak om permisjon frå den pliktige opplæringa inntil 2 veker (§ 2-11).
7. Å gjera vedtak om punktskriftsopplæring (§ 2-14).
8. Å gjera vedtak om ordinær skuleskyss og skyss for funksjonshemma og mellombels skada eller sjuke (§§ 7-1 og 7-3).
9. Å gjera vedtak om fysisk skudemiljø (§ 9a-2).
10. Å gjera vedtak angåande det psykososiale skudemiljøet (9a-3).
11. Å gjera vedtak om opptak av barn i skulefritidsordning (§ 13-7).
12. Å gjera vedtak om fritak for opplæring i skriftleg sidemål (forskrift til opplæringslova § 1-11).
13. Å gjera vedtak om å ta eit eller fleire fag i vidaregåande opplæring (forskrift til opplæringslova 1-15).
14. Å gjera vedtak om fritak for prøvar, utvalsprøvar og andre undersøkingar (forskrift til opplæringslova § 2-4).
15. Å gjera vedtak om fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål (forskrift til opplæringslova § 3-22).

10.23 Plan- og bygningslova

Fagansvarleg plan og utvikling får delegert avgjerdssrett til:

1. Igangsetjing av detaljregulering i privat regi (§ 12-8 første ledd).
2. Å gi råd om korleis plan bør utarbeidast og om at kommunen kan bistå i planarbeidet (§ 12-8 første ledd).
3. Å vedta små justeringar av meir bagatellmessig karakter (§ 12-14 andre ledd).
4. Å gi dispensasjon frå planar der saksområdet til regionale eller statlege mynde ikkje blir direkte røyrt, og der det ikkje føreligg nabomerknad (§ 19-2).
5. Å gjera vedtak om søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak, der det ikkje føreligg nabomerknad (§ 20-3).
6. Å gjera vedtak om søknadspliktige tiltak som kan gjennomførast av tiltakshavar, der det ikkje føreligg nabomerknad (§ 20-4).

7. Å gjera vedtak om tiltak som ikkje krev søknad og løyve (§ 20-5). Rådmannen kan frita frå søknadsplikta etter § 20-5).
8. Å gjera vedtak om handsaming av søknaden i kommunen, oppdeling av søknaden og gi vilkår for løyve (§ 21-4).
9. Å gjera vedtak om utfording av mellombels bruksløyve og ferdigattest (§ 21-10).
10. Å gjera vedtak om kvalitetssikring og kontroll (kapittel 24).
11. Å gjera vedtak om oppretting og endring av eigedom (§ 20-1).
12. Å gjera vedtak om krav til tilknyting til infrastruktur (kapittel 27).
13. Å gjera vedtak om krav til byggjetomta og ubygde areal (kapittel 28).
14. Å gjera vedtak om krav til tiltaket (kapittel 29). Dette inneber òg at rådmannen kan gi dispensasjon frå § 29-4 første og andre ledd dersom vilkåra etter tredje ledd er fylt.
15. Å gjera vedtak om byggverk og verksemd som kan føra med seg fare eller særleg ulempe (§ 30-2).
16. Å gjera vedtak om krav til eksisterande byggverk (§ 31-1 - 31-4).
17. Å gjera vedtak om pålegg om og forbod mot riving (§ 31-5).
18. Å forfølgje brot på lova (§ 32-1).
19. Å gje førehandsvarsel (§ 32-2).
20. Å gje pålegg om retting og pålegg om stans (§ 32-3).
21. Å gje pålegg om stans og opphør med omgående verknad (§ 32-4).

10.24 Serveringslova

Assisterande rådmann får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd i saker etter lova som ikkje er av prinsipiell karakterunnateke saker der politiet eller andre instansar er negative til at søknaden blir stetta.

10.25 Skogbrukslova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å godkjenna plan for bygging av skogsvegar i einskildsaker (§ 7).

10.26 Smittevernlova

Smittevernlege får delegert avgjerdssrett til:

1. Å utøva kommunestyrets myndighet i hastesaker (§§ 4-1, 4-6 og 4-9), som omhandlar møteforbod, stenging av verksemd, avgrensning i kommunikasjon, isolering og smittesanering i samband med smitteverntiltak.

10.27 Sosialtenestelova

Leiar NAV Fitjar får delegert avgjerdssrett til:

1. Å krevje vederlag frå andre kommunar (§ 3 tredje ledd).
2. Å gjera vedtak om individuelle tenester (kapittel 4).

10.28 Tobakkskadelova

Kommuneoverlege får delegert avgjerdssrett til:

1. Føra tilsyn med at reglane i § 12 blir oppfylt, jf. § 13 første ledd.

2. Å gjera vedtak om gransking og gi pålegg om retting der pålegg ikkje er oppfylt innan en fastsatt frist (§ 13, jf. § 16).

Kommunen sin avgjerdssrett til å fastsetje tvangsmulkt vert ikkje delegert.

10.29 Lov om trudomssamfunn og ymist anna/lov om tilskott til livssynssamfunn

Assisterande rådmann får delegert avgjerdssrett til:

1. Å tildela midlar til registrerte trus- og livssynssamfunn.

10.30 Veglova

Brann- og driftssjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om midtline (§ 29 tredje ledd).
2. Å gjera vedtak om løyve til å plassera byggverk innafor byggegrenser (§ 30).
3. Å gjera vedtak om å krevje tre, buskar og annan planterekke borttatt eller skorne ned (§ 31).
4. Å gjera vedtak om løyve til tiltak (§ 32).
5. Å gjera vedtak om reklameskilt eller liknande innretning (§ 33 første, andre og fjerde ledd).
6. Å gjera vedtak om løyve til endring av byggverk (§ 34).
7. Å krevje at avkjørsle skal byggjast etter plan (§ 40).
8. Å syta for at gjerde oppsett i strid med § 45 blir flytt, rive, endra eller sett i stand (§ 47).

Fagansvarleg plan og utvikling får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gje samtykke til, og setje storleik og føresegner for, å krevje bompenge for ferdsle på privat veg (§ 56).

10.31 Vegtrafikklova

Helse- og sosialsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å avgjera saker om parkeringsløyve for rørslehemma (§ 8 og forskrift om parkering for rørslehemma).

Fagansvarleg plan og utvikling får delegert avgjerdssrett til:

1. Å forvalta skiltreglane (§ 5).

Brann- og driftssjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera midlertidig vedtak om forbod mot all trafikk eller anna regulering for kommunal veg (§ 7 andre ledd).

10.32 Viltlova

Landbruks- og miljøsjef får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gi dispensasjon for krav om ettersøkshund og utsetjing av jegerprøvens obligatoriske kurs (forskrift om utøving av jakt, felling og fangst § 39 første og andre ledd).

11 Fullmakter knytt til Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor

Rådmannen i Stord kommune har i reglement vedteke 25.02.2016 delegert fullmakter etter forurensingslova, jordlova, konsesjonslova, lakse- og innlandsfiskelova, motorferdslelova, naturmangfaldlova, skogbrukslova og viitlova til rådmannen i Fitjar, etter avtale om vertskommunesamarbeid (kommunelova § 28-1b).

Desse fullmaktane blir vidaredelegert til landbruks- og miljøsjef.

12 Andre lover

For lover som ikke blir regulert i dette reglement, gjeld einskilddelegeringar.